

## Jærrådet

**innkalles til møte 06.06.2018 kl. 12.00**

**i Klepp rådhus, Solavegen 1, Klepp**

			Side
<b>Godkjenning av protokoll</b>			
<a href="#">2/18</a>	18/00035-4	Protokoll fra møte i Jærrådet 23.02.2018	2
<b>Utvalgssaker</b>			
<a href="#">5/18</a>	18/00044-8	Status Jærpakke/bypakke/tverrforbindelse	7
<a href="#">6/18</a>	18/00044-19	Presentasjon av Funkishuset	8
<a href="#">7/18</a>	18/00044-15	Kommunal landbruksforvaltning	9
<b>Orienteringssaker</b>			
<a href="#">3/18</a>	18/00044-18	Referat fra møte 28.05.2018 vedrørende veteranplan	24
<a href="#">4/18</a>	18/00044-17	Purring på henvendelse - Den kommunale brann- og redningstjenesten - nye oppgaver og finansiering	27
<a href="#">5/18</a>	18/00044-16	Evaluering Grunderarena, Jæren Produktutvikling	33
<a href="#">6/18</a>	18/03638-1	Pelsdyrnæringa i Norge	35
<b>Eventuelt</b>			

## **Godkjenning av protokoll**

### **2/18 Protokoll fra møte i Jærrådet 23.02.2018**

**Dato:** 23.02.2018 kl. 8:30  
**Sted:** Hå kommune, Rådhusgata 8, Varhaug  
**Arkivsak:** 18/00035

Til stede: Stanley Wirak (Ap), Pål Morten Borgli (Frp), Bodil Sivertsen, Ane Mari Braut Nese (H), Torbjørn Hovland (Krf), Torild Lende Fjermestad, Jonas Skrettingland (Krf), Mons Skrettingland (H), Anne Berit Berge Ims, Frode Fjeldsbø (Ap), Henry A. Tendenes (H), Knut Underbakke, Reinert Kverneland (H), Sverre Risa (Krf), Trygve Apeland

Forfall: Pål Morten Borgli (Frp)

Protokollfører: Sissel Hauge-Vikane, politisk sekretariat Sandnes kommune

			<b>Side</b>
<b>Godkjenning av protokoll</b>			
<a href="#">1/18</a>	18/00035-1	Protokoll fra møte i Jærrådet 01.12.2017	3
<b>Utvalgssaker</b>			
<a href="#">1/18</a>	18/00044-2	Pelsdyrnæringen	3
<a href="#">2/18</a>	18/00044-1	Veterandag og veteranplan	4
<a href="#">3/18</a>	18/00044-4	Deltakelse i prosjektet samarbeid for digital kompetanse i kommunene	4
<a href="#">4/18</a>	18/00044-3	Status interkommunale planer/samarbeid	4
<b>Orienteringssaker</b>			
<a href="#">1/18</a>	16/04552-26	Den kommunale brann- og redningstjenesten - nye oppgaver og finansiering	
<a href="#">2/18</a>	18/00044-6	Høring av rapport fra ekspertutvalget som har vurdert nye oppgaver til fylkeskommunene	
<b>Eventuelt</b>			

## **Godkjenning av protokoll**

### **1/18 Protokoll fra møte i Jærrådet 01.12.2017**

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Godkjenning av protokoll	23.02.2018	1/18

### **Møtebehandling**

### **Votering**

### **Vedtak**

Protokollen fra møtet 01.12.2017 ble godkjent.

## **Utvalgssaker**

### **1/18 Pelsdyrnæringen**

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	23.02.2018	1/18

### **Møtebehandling**

Klepp, Hå og Sandnes er de største pelsdyrkommunene.

Jærrådet støtter uttalelsen som er sendt fra Rogaland bondelag.

Stanley Wirak foreslo følgende:

Det sendes en felles uttalelse fra Jærkommunene til statsministeren, landbruksministeren, næringskomiteen på Stortinget og kopi til lederne i sentralstyrene.

Jærrådet ga Sandnes kommune oppdraget å formulere brevet.

### **Votering**

Forslaget ble enstemmig vedtatt.

### **Vedtak**

Det sendes en felles uttalelse fra Jærkommunene til statsministeren, landbruksministeren, næringskomiteen på Stortinget og kopi til lederne i sentralstyrene.

## **2/18 Veterandag og veteranplan**

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	23.02.2018	2/18

### **Møtebehandling**

Med bakgrunn i Gjesdal sitt spørsmål om å gjøre noe felles, fikk Gjesdal i oppdrag å koordinere et møte med ordførerne i Jærrådet og veteraninspektøren/veteranorganisasjonene. Rådmannen i Gjesdal deltar også.

Målsettingen er å vurdere eventuelle felles tiltak.

### **Votering**

Forslaget ble enstemmig vedtatt.

### **Vedtak**

Gjesdal kommune koordinerer et møte med veteraninspektøren/veteranorganisasjonene.

## **3/18 Deltakelse i prosjektet samarbeid for digital kompetanse i kommunene**

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	23.02.2018	3/18

### **Møtebehandling**

Anne Berit Berge Ims presenterte status og veien videre for digitaliseringsprosjektet.

### **Votering**

### **Vedtak**

Saken tas til orientering.

## **4/18 Status interkommunale planer/samarbeid**

Behandlet av	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	23.02.2018	4/18

### **Møtebehandling**

#### **Øyeblikkelig hjelp Jæren**

Leder av Sandnes legevakt Gudrun Riska Thorsen og leder av ØHT Cecilie Eigestad ga en presentasjon om øyeblikkelig hjelp tilbudet.

Det ble pekt på ulike utfordringer:

- Fokus på å informere og gjøre Øhjelpstilbudet kjent for fastlegene i de respektive kommunene.
- Rus/psykiatri.
- Redusere liggetid på pasientene fra Gjesdal og Sandnes.

### **Landbrukskontor**

Kåre Strand ga en løypemelding om arbeidet som er gjort til nå.

Arbeidsgruppa skal legge fram forslag til Jærrådet og eventuell politisk behandling høsten 2018.

**Legevakt IKS** utgår.

### **IKT samarbeid**

Rådmennene og IKT-sjefene i Klepp, Time, Hå og Gjesdal er i gang med arbeidet. Rapport legges fram tidlig våren 2018.

Torhild Lende Fjermestad informerte kort om prosessen og en kan anse saken som slutført.

### **Felles styrevervopplæring**

Rådmennene forbereder en sak til Jærrådets møte 06.06.2018.

### **Språkopplæring**

Saken ble avsluttet i møtet 01.12.2017.

### **Grunderbedrifter** (sak 18/17 i møte 01.12.2017).

Jærrådet ba om en ny sak.

Gjennomgang av Jæren produktutvikling og Skape. Er det overlapping og hvor bør vi som eiere engasjere oss.

Næringssjefene er invitert til møte med rådmenn 27.04.2018. Se på grunderbedrifter og turisme sammen med næringssjefene. Ny sak legges fram i Jærrådets møte 06.06.2018.

### **Forskuttering Jærbanen**

Se vedlagte brev til samferdselsministeren og Jernbanedirektoratet.

### **PPT samarbeid**

Trygve Apeland informerte om at Klepp og Time har hatt dialog vedr samarbeid. Det blir ikke formalisert interkommunalt samarbeid PPT.

### **Votering**

### **Vedtak**

Saken ble tatt til orientering.

## **Orienteringssaker:**

I forbindelse med behandling av **orienteringssak 1/18** - Den kommunale brann- og redningstjenesten - nye oppgaver og finansiering, informerte Bodil Sivertsen om at KS har hatt konsultasjonsmøte med justis- og beredskapsministeren. KS følger opp dette videre. Jærrådet avventer svar på brev datert 09.01.2018.

I forbindelse med behandling av **orienteringssak 2/18** - Høring av rapport fra ekspertutvalget som har vurdert nye oppgaver til fylkeskommunene, ble det stilt spørsmål om vi skal gjøre noe sammen.

---

## **Eventuelt**

### **E39**

Reinert Kverneland stilte spørsmål vedr E39 – indre og ytre trase.

Stanley Wirak understreket at det er Statens Vegvesen som har anbefalt en trase, men at det ikke er besluttet noe.

Gottfried Heizerling er invitert til møtet 06.06.2018.

Stanley Wirak tar initiativ til et møte med fylkeskommunen, men avventer til etter administrativt møte er avholdt.

---

Møtet slutt.

Sandnes, 23.02.2018

Stanley Wirak  
leder

Bodil Sivertsen  
sekretær i Jærrådet

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.

## Utvalgssaker

### **5/18 Status Jærpakke/bypakke/tverrforbindelse**

Arkivsak-dok. 18/00044-8  
Arkivkode. 026  
Saksbehandler Sissel Hauge-Vikane

Saksgang	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	06.06.2018	5/18

Status og veien videre – presentasjon av Gottfried Heinzerling.

Utbyggingspakke Jæren, tverrforbindelse og andre prosjekt.

Sandnes, 30.05.2018

Bodil Sivertsen  
sekretær for Jærrådet

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.

## **6/18 Presentasjon av Funkishuset**

Arkivsak-dok. 18/00044-19  
Arkivkode. 026  
Saksbehandler Sissel Hauge-Vikane

Saksgang	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	06.06.2018	6/18

Stiftelsen Huset er en privat stiftelse, stiftet av kommunene Sandnes, Sola, Gjesdal, Klepp, Time og Hå med formål å drive et lavterskeltilbud for rusmiddelavhengige.

Det er inngått 4-årig forpliktende samarbeidsavtale med disse kommunene for perioden 01.01.2015 – 31.12.2018. Styret, med styreleder Torill Lende Fjermestad, har ansvar for prosessen med å fornye samarbeidsavtalene for perioden 2019- 2022. I siste styremøte ble det besluttet at en skal be om å få presentere Funkishuset og arbeidet for fornying av samarbeidsavtalene i Jærrådet før sommeren 2018. Det vil være daglig leder for Funkishuset Åse Odland som representerer Funkishuset.

Styret i Funkishuset ber om at saken meldes til Jærrådets møte den 6. juni 2018.

Sandnes, 30.05.2018

Bodil Sivertsen  
rådmann

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.



## **7/18 Kommunal landbruksforvaltning**

Arkivsak-dok. 18/00044-15  
Arkivkode. 026  
Saksbehandler Sissel Hauge-Vikane

Saksgang	Sakstype	Møtedato	Saknr
1 Jærrådet	Utvalgssaker	06.06.2018	7/18

Se vedlagte dokument.

Saken legges fram for drøfting uten forslag til vedtak.

Sandnes, 14.05.2018

Bodil Sivertsen  
sekretær i Jærrådet

### **Vedlegg:**

Kommunal landbruksforvaltning - perspektiv mot 2040  
Referat frå møte med bondelaga

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.



Jærrådet

v/Sandnes kommune  
postmottak@sandnes.kommune.no

Saksnr  
17/1066-16

Løpenr  
10449/18

Arkivkode  
026 V0

Avd/Sek/Saksh  
SEN/SEN/KS

Dykkar ref

## KOMMUNAL LANDBRUKSFORVALTNING - PERSPEKTIV MOT 2040

### 1. Bakgrunn

Jærrådet vedtok i møte 17. februar 2017 å utgreia eit nærare samarbeid om landbruksforvaltning på Jæren.

Frå saksutgreiinga til møtet i Jærrådet 17. februar heiter det:

I 2002 blei det gjort ei utgreiing om felles landbrukskontor kalla «samarbeid om landbruksforvaltninga på Jæren» Dette meiner vi er eit av dei områda, etter nei til Jæren kommune, der vi bør prioritera ei utgreiing med tanke på eit breitt interkommunalt samarbeid. Dette er ei stor og viktig næring av nasjonal betydning, men med forholdsvis få tilsette i kvar kommune. Landbruksforvaltninga kan då bli fagleg styrka både innan forvaltning og på det næringsfaglege området, og trekkje opp langsiktige strategiar for å styrke næringa for framtida.

Den nye landbruksmeldinga, som skal behandlast i Stortinget om ikkje så lenge, skisserer muligheit for å flytte nokon oppgåver over frå kommunane (i hovudsak på kontrollside) til ein regional instans. Dette kan bety at kommunane sine oppgåve på det økonomiske området kan bli endra /reduert i løpet av eit par år.

#### 1.1 Mandat

Mandatet er konkretisert slik:

- Utgreie kva som er eit framtdsretta tenestetilbod i den lokale landbruksforvaltninga for å sikre nasjonale, regionale og lokale mål i landbrukspolitikken.
- Vurdere om dette får konsekvensar for organisering og lokalisering av tenestetilbodet.
- Vurdere fordeler og ulemper samanlikna med dagens organisering.



## 1.2 Arbeidsgruppe

Hå kommune valde å ikkje delta i utgreiingsarbeidet.

Dei andre kommunane i Jærrådet peika ut 2 representantar kvar til å delta i ei arbeidsgruppe. Medlemmene av arbeidsgruppa har vore:

Sandnes kommune: Kristin Barvik og Arve Fløysvik  
Time kommune: Brit Jorun Haslemo og Yvonne van Bentum  
Gjesdal kommune: Gerd Karin Espedal og Gudrun Kristensen  
Klepp kommune: Atle Barkve og Kåre Strand

Brit Jorun Haslemo slutta i Time kommune og begynte som landbrukssjef i Sandnes 1. januar 2018.

Klepp kommune har hatt sekretariatsoppgåvene for utvalet.

## 2. Nokre utviklingstrekk

### 2.1 Nasjonal landbrukspolitik

Det er gitt nasjonale mål om auka matproduksjon. Mulighetene for å finna ein marknad for det som blir produsert i Norge er avhengig både av internasjonal handelsregulering og av den politiske viljen til å bruke økonomiske verkemiddel for å sikre at prisen på norskprodusert mat er på eit nivå som blir godtatt av forbrukarane.

Det pågår ein politisk diskusjon om liberalisering av det norske landbruket. I dag synes det ikkje å vera fleirtal for omfattande liberalisering på lovsida sjølv om vi ser ei glidande utvikling i liberal retning. Viljen til endring ser ut til å vera noko større innan dei økonomiske verkemidla.

Det er grunn til å venta fortsatt liberalisering dei komande åra.

Dei nasjonale måla i landbrukspolitikken gjeld også regionalt og lokalt, og er framstillt slik:

Matsikkerheit og beredskap	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk med lågare utslipp av klimagassar
Sikre forbrukarane trygg mat Auka matvareberedskap God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei økologiske ressursane.	Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane Moglegheiter for busetjing og sysselsetting Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling Leggje til rette for rekruttering i heile landet Ei økologisk berekraftig reindrift	Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat Ein effektiv og lønsam utnytting av gardens samla ressursar Vidareutvikle Noreg som matnasjon Leggje til rette for bondens inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder	Redusert forureining frå landbruket Reduserte utslipp av klimagassar, auka opptak av CO <sub>2</sub> og gode klimatilpasningar Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet
Ei effektiv landbruks- og matforvaltning			
Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde			
Ivareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar			

## 2.2 Omdømebygging

Den lokale landbruksforvaltninga saman med næringa sjølv har ei tydeleg rolle i arbeidet med å behalda/bygga opp om det gode omdømet som det norske landbruket har i dag. Dette vil ha betydning både for betalingsvilje i marknaden og for rekruttering til yrket.

Dei mest nærliggande utfordringane for omdømet er knytt til matsikkerhet, sjukdomsførebygging, dyrevelferd, leveringssikkerhet og natur- og miljøforvaltning.

## 3. Oppgåver og utfordringar for landbruket

Matproduksjon er landbrukets kjernefunksjon, men det er viktig å minne om at landbruket har ei multifunksjonell rolle. I tillegg til å produsere mat skal landbruket produsere trevirke, råstoff til bioenergi, kulturlandskap, inn på tunet tenester osv. I tillegg har landbruket ein viktig funksjon for å halde oppe busetjing i distrikta, areal til friluftaktivitetar og klimaeffekt. (Både utslepp frå husdyr og CO<sub>2</sub>-binding i skog og myr)

### 3.1 Jordvern

Rogaland profilerer seg som matfylke og landbruksfylke, og landbruket på Jæren er viktig for den samla matproduksjonen både i Rogaland og for landet. For å sikre framtida til jordbruket er det av stor betydning at vi klarer å ta vare på matjorda. Areal er under press, og vi må få til ei balansert utvikling mellom vekst og jordvern. Jordvern er eit lovpålagt samfunnsansvar etter plan- og bygningslova, og dette har betydning for arbeidet i den kommunale landbruksforvaltninga.

### 3.2 Kommunane si rolle i landbrukspolitikken

Landbrukspolitikken er eit samspel mellom nasjonale, regionale og lokale tiltak, og der kommunane spelar ei viktig rolle. Dei nasjonale måla i landbrukspolitikken slik dei er framstilte i avsnitt 2.1 gjeld også regionalt og lokalt. Skal vi lukkast som Matfylket Rogaland, er det viktig at alle kommunane har eit klart landbruksfokus, og at kommunane følgjer opp dette i sine kommuneplanar. Kommunane har dei siste åra fått ei større rolle som samfunnsutviklingsaktør, og må sjå landbruket i samheng med samfunns- og næringsutviklinga generelt.

### 3.3 Forvaltningsreformer

Regional landbrukspolitikk blei konkretisert gjennom regionalplan for landbruk vedteken i fylkestinget 7. juni 2011. Her klargjer fylkeskommunen sine mål og oppgåver i landbrukspolitikken.

Fylkesmannen har ansvaret for klagesaker, motsegn og andre saker kor fylkeslandbruksstyret tidlegare har hatt vedtaksmynde. Fylkesmannen har og ansvaret for å forvalte dei såkalla IBU-midlane (Investeringar og bedriftsutvikling i landbruket) som blir løyvde frå Landbruks- og Matdepartementet til Innovasjon Norge.

Som eit ledd i regionreforma la eit ekspertutval fram si tilråding om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane 1. februar 2018. Dette utvalet vurderte mellom anna endringar i arbeidsfordelinga mellom fylkeskommunane og fylkesmennene i landbrukspolitikken. Utvalet tilrår at fylkeskommunane tek over ansvaret for Regionalt næringsprogram frå Fylkesmennene. Dette omfattar forvaltninga av IBU-midlane som blir foreslått overført til fylkeskommunane. Stortinget vil truleg ta stilling til dette forslaget i løpet av 2018. Det er usikkert om dette vil bli vedteke, og kva konsekvensar dette får for den lokale forvaltninga. For meir informasjon:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2ac32be8629541259acade7d15d9451e/regionreform---rapport-fra-ekspertutvalget.pdf>

### 3.4 Landbruksproduksjon og -areal

Mykje av landbruksområda på Jæren er av høg kvalitet, og ligg i den beste klimasona i Norge. Jorda eignar seg spesielt godt til produksjon av grønnsaker og grovfor/gras. I tillegg til den fulldyrka jorda, er den høge andelen av produktive innmarksbeiter viktig som grunnlag for storfe- og småfeproduksjon.

Landbruket har elles vore prega av stor investeringsvilje og –evne, og mykje av landbruket er derfor kjenneteikna av moderne driftsformer, nyare driftsbygningar og betydeleg grad av automatisering/robotisering.

Det er elles rett å nemna at både veksthus og kraftforintensive produksjonar (kylling, høns og svin) har ein sterk posisjon i Jærlandbruket. Tabell 1 viser nokre utvalde tal for storleiken på Jærlandbruket samanlikna med samla tal for Rogaland.

**Tabell 1: Landbruket i dei 4 Jærkommunane**

	<b>Klepp</b>	<b>Time</b>	<b>Gjesdal</b>	<b>Sandnes</b>	<b>Rogaland</b>
Søkarar produksjonstillegg i 2017	292	251	151	305	<b>3995</b>
Fulldyrka areal	67202	41862	17608	46193	<b>480526</b>
Overflatedyrka areal	265	473	237	370	<b>22020</b>
Innmarksbeite areal	7200	36299	34288	28993	<b>438584</b>
Mjølkekyr	5081	4353	1595	3580	<b>39572</b>
Ammekyr	703	1170	714	705	<b>11836</b>
Andre storfe	11505	10181	4065	8425	<b>99497</b>
Purker	2074	1624	296	508	<b>12809</b>
Slaktegris	65794	59043	18130	20854	<b>461332</b>
Sau	1934	11211	10551	13207	<b>194621</b>
Høner	256958	135380	7557	71159	<b>1181247</b>
Kylling	2473818	1143561	1038408	2181757	<b>17593446</b>
Pelsdyr	19543	3162	2442	11427	<b>80252</b>
Gras (da)	51722	38634	17765	41112	<b>480526</b>
Korn – bygg (daa)	8042	2268	243	2491	<b>25866</b>
Grønsaker (daa)	3855	122	0	113	<b>8966</b>
Potet (daa)	1637	88	0	679	<b>6435</b>
Årsverk i kommunen	3,6	4,4 <sup>***</sup>	1,6	5 <sup>**</sup>	

*Kursiv skrift er 2017*

Resten er 2016-tal


\* er 2014-tal

\*\* gjeld 3 kommunar, Sandnes, Stavanger og Kvitsøy

\*\*\*4,4 heimlar. 3 årsverk i arbeid


Utviklinga dei siste 20 åra viser ei klar utvikling mot færre og større driftseiningar. Dette skjer både ved at dei minste einingane går over til meir hobbydrift, og gjennom bruksrasjonalisering. Samla tal søkjarar om produksjonstilskot i dei 4 kommunane har i 20-årsperioden blitt redusert med 1/3 frå 1506 i 1996 til 1004 i 2015.

**Tabell 2: Tal søkjarar produksjonstilskot 1996 – 2015**



Reduksjonen i talet på søkjarar viser at talet på aktive jordbruksføretak er vesentleg redusert, men dette går ikkje ut over arealet som er nytta til matproduksjon. Samla for desse 4 kommunane er det ein auke på vel 5 % i areal det er søkt produksjonstilskot til i 20-årsperioden.

**Tabell 3 Jordbruksareal det er søkt om produksjonstilskot til 1996 - 2015**



Det er nærliggande å tenka at reduksjonen i talet på søkjarar om produksjonstilskot betyr redusert arbeidsmengd for landbruksforvaltningane, men dette er berre delvis rett. Nye driftsformer og ulike typar foretak og selskapsstrukturar gir ein meir komplisert søknadsbehandling. I tillegg har vi den siste tida sett ei utvikling i retning av fleire føretak på eit bruk. Det er til dømes registrert ein auke i talet på landbruksføretak i Rogaland frå 2016 til 2017, samstundes som talet på aktive bruk framleis går ned.

### 3.5 Verdiskaping og overføringar


Dei statlege støtteordningane til landbruket er omfattande og betyr mykje for økonomien til landbruksføretaka, for matproduksjonen og sysselsettinga i landbruket. Dei samla overføringane til landbruket i dei 4 kommunane er i 2016 berekna til i overkant av 326 mill kr. Dette er fordelt på ei

lang rekke ulike støtteordningar som i oversikten i tabell 5 er gruppert produksjonstilskot, avløysartilskot og pristilskot.

I gruppa produksjonstilskot er ordningane med størst økonomisk betydning areal- og kulturlandskapstilskot, tilskot til husdyr, tilskot til dyr på beite og driftstilskot til melkeproduksjon.

Under pristilskot er dei største ordningane distriktstilskot til produksjon av mjølk og ulike typar kjøt. For meir omfattande informasjon – sjå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/tilskuddsbase>

**Tabell 4 – Oversikt over utbetaling av produksjonstilskot, avløysartilskot og pristilskot til landbruksforetak i dei 4 kommunane.**



Verdiskapinga i landbruket er kartlagt i NIBIO-rapport nr. 75 – 2016. Den viser at landbruket i desse 4 kommunane representerer vesentlege bidrag til den samla verdiskapinga.

**Tabell 5 – Tal tilsette og verdiskaping landbruk og landbruksbasert industri i 2014, prosent av verdiskapinga i kommunane**

	Tilsette	Verdiskaping i prosent
Sandnes	625	1,0
Klepp	1264	12,4
Time	485	3,8
Gjesdal	366	7,1

Meir detaljert oversikt over verdiskapinga i dei 4 kommunane følger som vedlegg.

(Heile rapporten:

[https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMRO/Landbruk/Rapportar/Verdiskaping\\_srapport%202016%20kommunesider%20endelig.pdf](https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMRO/Landbruk/Rapportar/Verdiskaping_srapport%202016%20kommunesider%20endelig.pdf))

## 4. Organisering av den lokale landbruksforvaltninga

### 4.1 Produksjonstilskot i landbruket - dagens forvaltningssystem

I Stortingsmelding nr. 11 (2016 - 2017) - Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon er dagens forvaltningssystem omtalt slik:

*«Produksjonstilskuddene er statlige tilskuddsmidler som bevilges over statsbudsjettets Kapittel 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. Det utbetales årlig ca. 9,5 mrd. kroner i produksjonstilskudd og avløsertilskudd ved ferie/fritid over jordbruksavtalen.*

*Søknad om produksjonstilskudd sendes kommunen, enten via Altinn (elektronisk) eller i papirform. I 2016 ble 90 pst. av alle søknader om produksjonstilskudd levert elektronisk. Der søknadsdataene blir godkjent innen en bestemt frist, vil vedtaket om tilskudd genereres gjennom et fagsystem, mens selve utbetalingen foretas maskinelt i regi av Landbruksdirektoratet. Hoveddelen av tilskuddsforvaltningen er dermed automatisert.*

*Forvaltningen av midlene åpner ikke for bruk av lokalpolitisk skjønn. Skjønnen er i hovedsak regelbundet i henhold til forskrift eller jordbruksavtale – i motsetning til «fritt skjønn» der lovbestemmelsen på vilkårs- og følgesiden helt overlater til forvaltningen å avgjøre om lovens vilkår er oppfylt eller ikke.*

*Vilkårene for å motta produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid står i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket. Utmålingsreglene for hvor mye tilskudd hver enkelt søker kan gis, fremgår av den årlige jordbruksavtalen.»*

Etter at landbruksmeldinga blei behandla er det gjort endringar slik at frå og med 2017 er muligheten for å søkja produksjonstilskot manuelt fjerna. Nå må alle søkja elektronisk.

### 4.2 Nasjonale signal om framtidig organisering av tilskottsforvaltninga

I Stortingsmelding nr. 11 under avsnittet mulige forvaltningsmodellar for tilskottsforvaltninga er det skissert 3 mulige modellar. Vurderingane tok utgangspunkt i at det i hovudsak ikkje er rom for lokalpolitiske vurderingar i tilskottsforvaltninga, og at ein derfor kan sjå for seg ei meir effektiv oppgaveløysing gjennom å sentralisere behandlinga. I tillegg er det vurdert om nærleiken mellom landbruksforvaltninga og den enkelte bonden kan bli så stor at det kan påverke den nøytrale søknadsbehandlinga. Dei 3 modellane som er skisserte er:

- Kommunane held fram som forvaltningsmyndighet
- Forvaltningsansvaret blir flytta til Fylkesmannen
- Forvaltningsansvaret blir flytta til 4/5 regionkontor lagt til fylkesmannsembeter.

Meldinga seier vidare at regjeringa vil vurdere endringar i forvaltning av produksjons- og avløysartilskota med sikte på å finne ein modell som sikrar forsvarleg forvaltning av offentlege midlar.

Ved behandlinga i Stortinget blei dette signalet justert, og det heiter mellom anna følgjande i innstilling 251 S (2016 – 2017) (<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-251s/?all=true>)

*«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre og Fremskrittspartiet, er opptatt av at forvaltning av jordbruket skal skje nærmest mulig brukeren.*

*Flertallet registrerer at det ikke er tatt noen beslutning for valg av modell. Det er likevel grunn til å understreke at primært bør det være et mål å beholde forvaltningen av midlene i hovedsak som en kommunal oppgave. Flertallet peker på at dette er en viktig del av landbruksforvaltningen i kommunene. For bonden vil også nærhet og lokalkunnskapen være et sentralt element. Det er nødvendig å gjennomføre tiltak som bedre sikrer både likebehandling og forutsigbarhet enn den situasjonen som beskrives i meldingen.*



*Flertallet vil be regjeringen vurdere ytterligere tiltak som kan styrke og bedre den lokale landbruksforvaltningen.»*

Dette viser at det i nasjonalforsamlinga er ulike syn på organisering av ei framtidsetta landbruksforvaltning. For den nære framtida er det grunn til å rekne med at tilskottsforvaltning framleis blir ei kommunal oppgåve.

#### **4.3 Annan tilskottsforvaltning som blir utført av landbruksforvaltninga**

Dette omfattar Regionalt miljøprogram, Spesielle miljøtiltak i landbruket, Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, grøftingstiltak og sjukdomsavløsning. I tillegg er kommunen førsteinstans og den som godkjenner ferdige bygde prosjekt ved søknader om IBU midler (Innovasjon Norge).

#### **4.4 Arealforvaltning**

Landbruksforvaltninga er tungt inne i arealforvaltning av LNFR-områda. Til dømes er oppfølging av jordloven ved søknader om omdisponering av dyrka jord krevjande saker. Dette kan vera søknader om massefyllingar, juletre-, plen- og pyntegrøntproduksjon, oppføring av hus nr. 2, m.m. I tillegg må forvaltninga følgje opp krav om driveplikt.

Landbruksforvaltninga handsamar søknader om nydyrking, landbruksvegar og søknader om godkjenning av spreieareal for husdyrgjødsel på innmarksbeite.

Landbruksforvaltninga er intern høyringsinstans i byggesaker og dispensasjonssaker i LNFR-områda. Landbruksforvaltninga er og ein viktig part i regulerings- og kommuneplanarbeidet.

#### **4.5 Konesjonslova**

Sakshandsame skjema om eigenerklæring om konsesjonsfrihet og ikkje minst sakshandsame søknader om konsesjon ved erverv av fast eiendom.

#### **4.6 Andre arbeidsoppgaver**

Landbruksforvaltninga er ansvarleg for kommunens ajourhold av kartbasen AR5. Elles er kommunane ulike, og oppgåver som er lagt til landbruksforvaltninga varierer.

## **5. Arbeidsgruppa sine vurderingar**

### **5.1 Endringar i prioriteringar og arbeidsoppgaver**

Arbeidsgruppa starta med å sjå på arbeidsoppgåvene og organiseringa av landbruksforvaltninga for 20 - 25 år sidan. Landbruksforvaltninga blei overført frå staten til kommunane i 1994. Før 1994 hadde Rogaland ei rekke fylkesagronomar som var rådgjevarar for bøndene innan ulike fagområde.

Nå er denne faglege vegleiingsfunksjonen i stor grad samla i Norsk Landbruksrådgjeving, i andre instansar i miljøet på Særheim og i mottakarleddet (meieri, slakteri). Økonomisk rådgjeving blir som hovudregel ivaretatt av rekneskapslag eller andre private.

Arbeidsgruppa prøvde å reflektera kring utviklinga om lag like langt fram i tid – mot år 2040. Det er grunn til å vente store endringar også dei komande 25 åra.

Oppgåvene for landbruksforvaltninga i dag kan grovt delast inn i 6 omåde. Våre vurderingar av sannsynleg utvikling fram mot 2040 innan dei ulike hovudområda går fram av kolonne 2.

<b>Arbeidsområde</b>	<b>Venta utvikling</b>
1. Tilskotsforvaltning	Digitalisering og forenkling vil truleg redusera arbeidsmengda. Kontrolloppgåvene og kontrollbehovet vil truleg auke. Nye eigarformer (foretaksstruktur) i landbruket kan endre og komplisere kontrollarbeidet.
2. Rettleiing – både innan tilskotsordningane og innan landbruksdrift	<p>Kommunane vil framleis ha ei forvaltningsmessig plikt til rettleiing i søknadsordningane, men forenkling og digitalisering kan redusere behovet.</p> <p>Driftsrådgeving er i hovudsak overteke av andre miljø som til dømes NLR. Produksjonsmetodane er etter kvart så spesialiserte at forvaltninga ikkje kan pårekna å ha tilstrekkeleg kompetanse.</p> <p>Samla tidsbruk på rettleiing vil truleg bli redusert.</p>
3. Kontroll av tilskotsgrunnlaget	<p>Det er viktig for legitimiteten av overføringane til landbruket at det blir ført kontroll med dei opplysningane som danner grunnlaget for utrekning av tilskota til den einskilde bonde.</p> <p>Med nye produksjonar og nye føretak er det grunn til å venta at kontrolloppgåvene blir minst like store og meir tidkrevjande framover.</p>
4. Klima- og miljøspørsmål	<p>Blir eit viktigare tema i åra som kjem, og blir truleg knytt endå tettare saman med tilskotsordningane. Klimaendringar vil medføre endringar i driftsformer over alt, men spesielt i flaumutsette område. Dette vil bli tema i rettleingsarbeidet.</p> <p>Heng og nøye saman med arealforvaltninga. Lokalkunnskap vil vera viktig. Tidsbruk i forvaltninga vil truleg auke.</p>
5. Arealforvaltning	<p>Arealforvaltning og arealplanlegging blir viktig i framtida. Samstundes ser vi at jordvern nå er sterkt inne i all overordna planlegging.</p> <p>Innan forvaltning av landbruksareala vil truleg landbrukskontora sine oppgåver bli meir omfattande og tydelege for å sikre at areala blir nytta i samsvar med samfunnsmåla.</p>

6. Omdøme og legitimitet	<p>For å sikre betalingsvilje for norsk mat vil omdømebygging bli viktig. Landbrukets omdøme blir påverka av folk sine oppfatningar av</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- matsikkerhet</li> <li>- sjukdomsførebygging</li> <li>- dyrevelferd</li> <li>- leveringssikkerhet</li> </ul> <p>Bøndene har hovudansvaret, men også den lokale landbruksforvaltninga har viktige oppgåver innan omdømebygging gjennom rettleiing og kontroll.</p>
--------------------------	--

## 5.2 Organisatoriske modellar

Arbeidsgruppa legg til grunn at det vil skje endringar i arbeidsoppgåver og rammer for arbeidet i åra som kjem. Kor raskt endringane kjem og kor omfattande dei blir – er usikkert. Men det er grunn til å rekne med at landbruksforvaltninga vil ha oppgåver i lang tid innan alle dei 5 arbeidsområda som er skisserte i 5.1.

